



Arkivnr: 2017/732-143  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Valnemnda		12.06.2018
Fylkestinget		12.06.2018

## Søknad om fritak frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune grunna flytting

### Samandrag

Representanten Paloma Farlora har søkt om fritak frå sitt verv som varamedlem til fylkestinget, på grunn av flytting. Ho opplyser at ho har flytta til Sogn og Fjordane. Ho er folkevald for partiet Rødt.

Fylkesrådmannen rår til at representanten Paloma Farlora får fritak frå vervet som varamedlem til fylkestinget, for resten av denne valperioden 2015-2019.

Dersom det vert innstilt på at Paloma Farlora skal få fritak frå vervet som varamedlem til fylkestinget, må det gjerast innstilling til nytt val som vararepresentant til fylkestinget.

### Forslag til innstilling

Paloma Farlora får fritak frå vervet som varamedlem til fylkestinget, for resten av denne valperioden 2015-2019.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
Fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## **Fylkesrådmannen, 25.05.2018**

Representanten Paloma Farlora har i E-post av 02.05.2018 søkt om fritak frå sitt verv i Hordaland fylkeskommune. Ho skriv:

*«Eg har flytta frå Bergen til Sogn og Fjordane på grunn av sjukdom i nær familie, og ber difor om fritak frå mitt verv i Hordaland fylkeskommune frå og med byrjinga av mai 2018 og ut denne valperioden. Søknaden gjeld for alle fylkeskommunale verv og varaverv.»*

Paloma Farlora har fylgjande verv i Hordaland fylkeskommune:

Varamedlem til Hordaland fylkesting.

Paloma Farlora er registrert på folkeregisteret med adresse i Sogn og Fjordane fylke.

I denne saka skal søknad om fritak frå politiske verv behandlast. Det skal ikkje gjerast nytt val av varamedlem til fylkestinget.

### **Rettsleg grunnlag:**

1. Kommuneleva § 15 nr. 1 lyder:

*«Den som taper valgarbarheten til et folkevalgt organ i valgperioden, trer endelig ut av dette. Hvis tap av valgarbarhet skyldes registrert utflytting fra kommunen eller fylkeskommunen for to år eller mindre, trer vedkommende ut av vervet for den tid utflyttingen varer.»*

2. Vallova § 14-2 regulerer nytt valoppgjør og suppleringsvalg til fylkestinget eller kommunestyret. Vallova § 14-2 nr. 2 seier:

*«Det skal også foretas nytt valgoppgjør når en vararepresentantplass er blitt ledig, dersom fylkesordføreren eller ordføreren finner det nødvendig.»*

### **Vurdering:**

Paloma Farlora er registrert på folkeregisteret med adresse i Sogn og Fjordane. Ho er då ikkje lenger valgar til fylkeskommunale verv i Hordaland fylke, kommuneleva § 15 nr. 1.

Fylkesrådmannen rår difor til at det vert gitt fritak.

I denne saka skal søknad om fritak frå politiske verv behandlast. Det skal ikkje gjerast nytt val av varamedlem til fylkestinget. Fylkesvalstyret føretekk nytt valoppgjør for å fylla den ledige varamedlemsplassen i fylkestinget når fylkesordførar finn det nødvendig, Jfr. vallova § 14-2 nr. 2.